



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
104/21	Formannskapet	08.06.2021
68/21	Kommunestyret	16.06.2021

Sluttbehandling - Mindre reguleringsendring for Kirkhornsbakkane bustadfelt - detaljregulering for den del som omfattar Kirkhorn skule

Samandrag:

Etter 1. gongs høyring kom det inn motsegn både frå Fylkesmannen (no Statsforvaltaren) i Møre og Romsdal, og frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Motsegnene var relatert til uavklara tilhøve omkring støy (både ute og inne), parkeringsareal og leikeareal, men etter synfaring og mekling har både fylkeskommunen og statsforvaltaren trekt motsegnene. Som ledd i desse avklaringane har forslagsstillar v/ plankonsulent (Aaland Arkitektkontor AS) ajourført plankart, datert 16.09.2020, og utarbeidd prinsippsskisser for planløyningar for 1., 2. og 3. etasje, slik statsforvaltaren kravde. Endringane som er innarbeidd i plankart og reguleringsføresegner er ikkje av eit slikt omfang at det krev ny høyring.

(I føresegnene er ny eller endra tekst skrive med raud skrift.)

Kommunestyret 16.06.2021:

Behandling:

Røysting (30 røysteføre):

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

KST- 68/21 Vedtak:

1. Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 12-12 vert detaljreguleringsplan for Kyrkjhornsbakkane bustadfelt – for den del som gjeld Kirkhorn skule, plankart dagsett 16.09.2020 og reguleringsføresegner dagsett 07.05.2021, godkjent.
2. Grunneigar, evt. rettighetshavarar og berørte naboar skal varslast særskilt ved brev – vedlagt dette vedtaket. Jf. pbl § 12-12, 4. ledd.
3. Plan m/ føresegner og planomtale skal kunngjerast i samsvar med pbl § 12-

12, siste ledd.

I medhald av pbl § 12-12, 3. ledd kan kommunestyret sitt endelege vedtak påklagast. Jf. pbl § 1-9.

Formannskapet 08.06.2021:

Behandling:

Røysting (8 røysteføre):

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FSK- 104/21 Vedtak:

1. Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 12-12 vert detaljreguleringsplan for Kyrkjhornsbakkane bustadfelt – for den del som gjeld Kirkhorn skule, plankart dagsett 16.09.2020 og reguleringsføresegner dagsett 07.05.2021, godkjent.
2. Grunneigar, evt. rettighetshavarar og berørte naboar skal varslast særskilt ved brev – vedlagt dette vedtaket. Jf. pbl § 12-12, 4. ledd.
3. Plan m/ føresegner og planomtale skal kunngjerast i samsvar med pbl § 12-12, siste ledd.

I medhald av pbl § 12-12, 3. ledd kan kommunestyret sitt endelege vedtak påklagast. Jf. pbl § 1-9.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 12-12 vert detaljreguleringsplan for Kyrkjhornsbakkane bustadfelt – for den del som gjeld Kirkhorn skule, plankart dagsett 16.09.2020 og reguleringsføresegner dagsett 07.05.2021, godkjent.
2. Grunneigar, evt. rettighetshavarar og berørte naboar skal varslast særskilt ved brev – vedlagt dette vedtaket. Jf. pbl § 12-12, 4. ledd.
3. Plan m/ føresegner og planomtale skal kunngjerast i samsvar med pbl § 12-12, siste ledd.

I medhald av pbl § 12-12, 3. ledd kan kommunestyret sitt endelege vedtak påklagast. Jf. pbl § 1-9.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.06.2021 - 104/21

1. Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 12-12 vert detaljreguleringsplan for Kyrkjhornsbakkane bustadfelt – for den del som gjeld Kirkhorn skule, plankart dagsett 16.09.2020 og reguleringsføresegner dagsett 07.05.2021, godkjent.
2. Grunneigar, evt. rettighetshavarar og berørte naboar skal varslast særskilt ved brev – vedlagt dette vedtaket. Jf. pbl § 12-12, 4. ledd.
3. Plan m/ føresegner og planomtale skal kunngjerast i samsvar med pbl § 12-12, siste ledd.

I medhald av pbl § 12-12, 3. ledd kan kommunestyret sitt endelege vedtak påklagast. Jf. pbl § 1-9.

Vedlegg:

Trekking av motsetn - avklaring av støyforholda - Kirkhorn skule
Oppfølging etter skissert planløyising for Kirkhorn skule - mindre endring av reguleringsplan for Kirkhornsbakkane bustadfelt m.m.
Planomtale - Kirkhorn skule - gnr 205 bnr 8
Planteikningar_gamle kikhorn skule Leiligheter og utv bod
Detaljregulering - reguleringsendring - gnr 205 bnr 8 - Kirkhorn skule - Kirkhornsbakkane bustadfelt - 4-6 bueiningar
Tilbakemelding frå fylkesmannen i Møre og Romsdal stadfesting av motsegn - mindre reguleringsendring av Kirkhornsbakkane bustadfelt m.m.
Tilbakemelding frå fylkesmannen i Møre og Romsdal stadfesting av motsegn - mindre reguleringsendring av Kirkhornsbakkane bustadfelt m.m.
Oppfølging etter synfaring og tilbakemelding frå fylkesmannen i Møre og Romsdal - mindre reguleringsendring av Kirkhornsbakkane bustadfelt m.m.
Innsigelsar blir imøtekomne - mindre reguleringsendring for den del av Kirkhornsbakkane bustadfelt som gjeld Kirkhorn skule
Innsigelsar frå Møre og Romsdal fylkeskommune blir imøtekomne - mindre reguleringsendring for den del av Kirkhornsbakkane bustadfelt som gjeld Kirkhorn skule Plankart160920
Støyrapport - gamle Kirkhorn skule
Fråsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune til reguleringsendring - Kirkhorn skule - gnr 205 bnr 8
Innsigelsar blir imøtekomne - mindre reguleringsendring for den del av Kirkhornsbakkane bustadfelt som gjeld Kirkhorn skule
Motsegn frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal - Endring av reguleringsplan for Kirkhornsbakkane bustadfelt mm. for den del som gjeld Kirkhorn skule
Merknadar frå Statens Vegvesen - Kirkhornsbakkane bustadfelt - Kirkhorn skule - gnr. 205 bnr. 8 - Volda kommune
NVE si generelle tilbakemelding - Offentleg ettersyn - Kirkhornsbakkane bustadfelt - Gnr 205 bnr 8 - PlanID 20190002
Varsling myndighet - Høyring av forslag til endra reguleringsplan for Kirkhornsbakkane bustadfelt m.m. for den del som gjeld Kirkhorn skule
Kunngjeringsannonse - avis (dersom ønskeleg) - Endra reguleringsplan for Kirkhornsbakkane bustadfelt m.m. for den del som gjeld Kirkhorn skule
Høyring og offentlig av planforslag - Endra reguleringsplan for Kirkhornsbakkane bustadfelt m.m. for den del som gjeld Kirkhorn skule
Plansak for offentlig ettersyn - reguleringsendring - Kirkhornsbakkane bustadfelt for den del som gjeld Kirkhorn skule
PLANOMTALE_2151-2 – rev2
Reguleringsføresegner av 07.05.2021

Saksopplysningar:

Reguleringsendringa gjeld gamle Kirkhorn skule (205/8), og i den nye planen er eigedomen omregulert frå offentlig byggjeområde – til bustadføremål, leik og parkering. Planområdet ligg nord for Grodås sentrum like ved E39, og ei av utfordringane har vore å finne løysingar som i varetek støykrava – både inne og ute. I høyringsperioden er både støyproblematikken og andre utfordringar knytt til reguleringsendringa teke opp i motsegner og merknader til planen, og i saksutgreiinga er det gjeve eit kort resymé av den enkelte motsegn/ merknad, og kommunen sine kommentar til desse.

Vurdering og konklusjon:**Statsforvaltaren i Møre og Romsdal peikar på følgjande:**

- ROS: 5000-årsskred må visast som omsynssone i plankartet, og føresegnene må utformast i samsvar med tryggleikskrava i TEK17 § 7-3.
- Støy: Statsforvaltaren har motsegn til planen inntil det ligg føre ei støyfagleg

utgreiing som viser kva for støyreducerande tiltak som må etablerast for at både innvendig og utvendig støy ligg innafør støykrava i T-1442. Og vidare – at desse tiltaka er nedfelt i plankart og føresegner.

- Barn og unge: Statsforvaltaren har også motsegn – med krav om at nærleikeplass (på min. 200 m²) vert vist som eige føremål i plankartet, og at leikeplassen minimum skal vere utstyrt med sandkasse, benk og eitt leikeapparat.

Kommunen sin kommentar

Etter avslutta høyringsrunde, utarbeiding av støyfagleg rapport og diverse korrespondanse mellom kommunen og statsforvaltaren, kom partane fram til ei endeleg løysing som no er nedfelt i plan og føresegner. Jf. plankart av 16.09.2020, planomtale av 01.03.2021 og planteikningar av 25.02.2021. På dette grunnlag har statsforvaltaren trekt si motsegn. Jf. brev av 22.03.2021.

Møre og Romsdal fylkeskommune

- Føremål: Fylkeskommunen har motsegn til planen - med krav om at tilkomst, parkeringsareal og uteareal vert vist som eigne føremål i plankartet.
- Planavgrensing: bør utvidast slik at frisiktlinjer ut på E39 kjem tydeleg fram i plankartet.
- Kulturminne: Fylkeskommunen er i utgangspunktet skeptisk til flytting av vindauga, og minner om følgjande generelle prinsipp:
 - Skifte så lite som mogeleg
 - Heller leggje til nytt enn å skifte gamle delar
 - Nytte same materialkvalitet som tidlegare
 - Nye løysingar skal vere reversible.

Møre og Romsdal fylkeskommune rår kommunen til å regulere gamle Kirkhorn skule til bevaring – med omsynssone H570 rundt skulen.

Kommunen sin kommentar

Med bakgrunn i Møre og Romsdal fylkeskommune si motsegn av 11.03.2020, og konkrete løysingsforslag som vart drøfta under synfaring på gamleskulen den 11.09.2020, utarbeidde plankonsulenten (Aaland Arkitektkontor AS) utkast til mindre endringar/ justeringar av plankart og føresegner. Endringane tek i stor grad omsyn til fylkeskommunen sin merknader, og fylkeskommunen har difor trekt si motsegn. Jf. brev av 18.12.2020.

Norges vassdrags- og energidirektorat NVE

Som nasjonalt sektormyndede med motsegnskompentanse innafør ulike saksområde gir NVE råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova. NVE kan vidare yte kommunane bistand i arealplanlegginga, men slik bistand er det ikkje bede om i denne saka. NVE viser difor til direktoratet sin generelle informasjon og ulike rettleiingshefte, utan ytterlegare fråsegn til reguleringsendringa på Kyrkjhorn.

Kommunen sin kommentar

NVE sin informasjon vert teken til vitande.

Statens vegvesen

- Støy: Av omsyn til helse og trivsel bør bustader generelt sett lokaliserast eit stykke unna høgtrafikkerte vegar, men i dei tilfelle bustaden blir liggjande i raud støysone må støyskjerming visast i plankartet. Jf. grenseverdiar for støy i T-1442.
- Tilkomst: Planområdet bør utvidast til også å omfatte avkøyrsla frå E39 og frisiktsoner mot E39 og gang- og sykkelvegen.

- Føremål: Areal til anna veggrunn bør regulert inn mellom gang- og sykkelvegen og areal avsett til bustadføremål (tryggleikssone i tråd med N101).
- Byggjegrænse: Bygningsmessige endringar må ikkje føre til at nokon del av bygget kjem nærare E39 – enn i dag.

Kommunen sin kommentar

Det er teke omsyn til Statens vegvesen sine merknader, og desse er innarbeidd i endeleg plankart og føresegner.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen

Konsekvensar for folkehelsa: Støykrav i samsvar med T-1442.

Miljøkonsekvensar: Ingen spesielle.

Økonomiske konsekvensar: Ingen for kommunen

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen

Konsekvensar for barn og unge: Støykrav i samsvar med T-1442.

Rune Sjurgard
kommunedirektør

Ståle Hatlelid
rådgjevar

Rune Sjurgard
kommunedirektør